



## Referat frå møtet 26.03.2025, veke 13

Denne kvelden gjesta vi **Bergsbygda Montessoriskole**, som ligg vakkert til ved Eidangerfjorden, med utsikt vestover mot Skjelsvik og Heistad. Om referenten talde rett, var vi 18 til stades – medrekna 3 lærarar ved skolen, 3 gjester, 1 reflektant og 11 medlemer.

Møtet begynte ved at **president Eva** fortalte om Langesund Rotaryklubb og alt vi driv med. Det var ingen fødselsdagar sidan førre møte. Så overtok **rektor Anne Grethe Kringlåk**,



som fortalte oss om bakgrunnen for at dei skipa ein montessoriskole i Bergsbygda. Lærarane veksla på å fortelje om skolen og pedagogikken, med støtte i ein fin powerpointpresentasjon.

Det har vore skole i Bergsbygda sidan 1881, men i 2008 tok Porsgrunn – som Bergsbygda har vore ein del av sidan 1964 – til å vurdere skolestrukturen i kommunen. I november 2009 vedtok

kommunen at Bergsbygda skole skulle leggjast ned. Som vi kjenner til frå andre stader i landet, møter slike vedtak lokal motstand, og skolar held fram med alternativ pedagogikk.



I 2011 gav Utdanningsdirektoratet Bergsbygda skole løyve til å starte montessoriskole, og i august 2012 var dei i gang.

I 2020 fekk dei utviding til 1.–10. trinn, men førebels har dei berre 1.–7. trinn. I dag har skolen 62 elevar. 30 bur utan-

for skolekrinsen, som strekkjer seg frå Bjønnes og inn til Døvika. Alle skoleungar i krinsen går på Bergsbygda skole. Skolen er gratis for elevane, men dei betaler 600 kroner månaden i matpengar. Det er 11 tilsette ved skolen – 1 rektor, 7 lærarar (5 godkjende montessorilærarar), 1 assistent, 1 kokk og 1 skolekonsulent. Alle lærarane har vore med sidan starten. Skolen får statsstøtte – ca. 9,2 millionar i året.

Den italienske pedagogen **Maria Montessori** (1870–1952) meinte ungane trøng fridom, sjølvstende, meistringskjensle og tilrettelagt læringsmiljø. Ho la avgjerande vekt på eigenaktiviteten til elevane. Undervisningsmateriellet skulle tilpassast interessene og mognadsnivået til elevane. Læraren er i første rekke tilretteleggjar, observatør og rettleiar.

– Ein interessant og lærerik kveld!

Langesund, 6. april 2025,

*Rolf Theil*